



Spesielle miljøtiltak i jordbruket  
Nærings og miljøtiltak i skogbruket

**TILTAKSSTRATEGIAR**  
2013 -2016

**ARDAL – LÆRDAL - AURLAND**

## Føreord

I tråd med St. meld. Nr 19 (2001 – 2002) *Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt*, er ei rekke oppgaver innan landbruksforvaltninga overført til kommunane. Ei av oppgåvene er forvaltning av Spesielle miljøverkemiddel i jordbruket og nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Som grunnlag for tildeling av midlar, må kommunen utarbeida ein fleirårig tiltaksstrategi.

I fellesskap har landbruksforvaltninga i Årdal – Lærdal – Aurland, utarbeida tiltaksstrategi for desse tre kommunane. Den godkjende tiltaksstrategien frå 2009-2012 er no revidert,

**Årdal:** 13.12.2012

**Lærdal:** 13.12.2012

**Aurland:** 13.12.2012



*Arild Ingar Løgreid*  
Årdal kommune



*Jaw Beir Selheim*  
Lærdal kommune



*Norah Distad*  
Aurland kommune

Foto framsida: Frønningen

Foto: Magnhild Aspevik

## Innhold

Føreord .....	2
1 Grunnlag og føremål .....	3
2 Prosess og lokal forankring.....	3
3 Verdier og utfordringar .....	4
3.1 Særskilde verdier i jordbruket sitt kulturlandskap .....	4
3.2 Hovudutfordringar i kulturlandskapet .....	4
3.3 Hovudutfordringa for ureining i landbruket.....	5
4 Mål og prioriteringar .....	5
4.1 Prioriteringar for spesielle miljøtiltak i landbruket .....	5
4.2 Informasjon om søknadshandsaming.....	6
5 NMSK.....	7
5.1 Hovudutfordringa i skogbruket.....	7
5.2 Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket .....	7
6 Tiltak – tilskotsbehov (2012-2016).....	8

## 1 Grunnlag og føremål

Overordna retningslinjer for bruken av SMIL-midlane er fastsette i *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket* (SMIL-forskrifta) av 2004. SMIL-tilskot skal bidra til gjennomføring av tiltak utover det som kan forventast som ein del av den vanlege jordbruksdrifta.

Kommunen skal ha ein eigen tiltaksstrategi som fortel korleis det skal prioriterast mellom dei ulike typene av tiltak lokalt. I samsvar med Stortinget og Landbruks- og matdepartementet sine intensjonar om å styrka lokalt sjølvstyre og vitalisera lokaldemokratiet vert det lagt vekt på politisk forankring, og at næringsorganisasjonane skal delta i utforminga av strategien. Kommunane Årdal, Lærdal og Aurland sine tiltaksstrategiar er frå 2004 (revidert i 2009).

Tiltaksstrategien skal ikkje vera ein omfattande analyse, men kortfatta skissera kva som er viktigast i våre kommunar ut frå føremålet med tilskotsordninga.

Felles Landbrukskontor ÅLA, har ansvar for handsaming av desse tilskotsordningane. Det har sidan 2004 vore felles søknadsfrist, felles retningslinjer og sakshandsamingsrutinar.

## 2 Prosess og lokal forankring

Til grunn for utarbeiding av lokal tiltaksstrategi, ligg felles strateginotat for Årdal, Lærdal og Aurland med tittelen *"Kulturlandskapet som verdi og ressurs - felles satsingsområde og kompetansedistrikt"* (2001). Det var Aurland kommune, Aurland natur og kulturarv, Aurland

Naturverkstad, Aurland og Lærdal reiselivslag, Lærdal kommune, Statens Naturoppsyn, Årdal arrangement og Årdal kommune som i fellesskap stod for utarbeiding av notatet.

Næringsorganisasjonane i landbruket og lokale politikarar i dei tre kommunane var aktivt med under utarbeiding av tiltaksstrategien for 2004-2008. Ved revisjon av dokumentet (haust 2008 og 2012), har næringsorganisasjonane i landbruket fått høve til å komma med innspel. Det er kommunestyra i dei tre kommunane som skal godkjenne revidert tiltaksstrategi.

### 3 Verdiar og utfordringar

Fjell- og fjordlandskapet på Vestlandet med ein rik natur- og kulturarv er kjent i Europa og resten av verda mellom anna som eit attraktivt reisemål. Indre Sogn utgjer eit høgdepunkt når det gjeld opplevingsrikdom, naturleg mangfald og ikkje minst kulturhistoriske miljø med lange tradisjonar som framleis er intakt. Dette landskapet er skapt av dei menneska som har budd i og levd av dei resursane ein finn her.

I 2005 vart deler av kommunane Aurland og Lærdal innskrive på UNESCO si verdsarvliste for natur- og kulturarv. I Årdal er det fleire område som har vernestatus. Dette er eit bevis for at verdiane i landskapa våre er av høg verdi.

Landbruksaktivitet har vore ein viktig form for av det landskapet me har kring oss. Landbruksdrifta er inne i ei omstillingstid, det er mindre beitedyr i utmarka, tungdrive areal vert ikkje halde i hevd og skogen vert ikkje hoggen. Dette fører til at det landskapet som ein gang var ope og lyst, no held på å gro att.

#### 3.1 Særskilde verdiar i jordbruket sitt kulturlandskap

Felles for alle kommunane er at det er viktig **å ta vare på jordbrukslandskapet med aktivt landbruk og bygningar, og kulturlandskapselement med kulturhistorisk verdi.**

Landskapet er eit fellesgode produsert av aktiv landbruksverksemd som innbyggjarar og dei som kjem til området kan gle' seg over.

Særtrekk i vårt landskap er:

- Mangfald i jordbruket sitt kulturlandskap som syner ressursutnyttinga ut i frå naturgjevne tilhøve, som tun, slåttemark, beitemark, bakkemurar, steingardar, haustingstre og haustingsskog.
- Strukturar og bygningar bygd opp kring utnytting av ressursane i utmark som steingardar mot utmark og kring stølsvollar, utmarksløer, stølsvegar og stølsmiljø.
- Høgdegardane
- Biologisk mangfald knytt til beitemark, slåttemark og haustingsskog m.m.
- Ein relativt stor del av landskapet i våre kommunar har så høg kvalitet at det er verna som landskapsvernområde.

#### 3.2 Hovudutfordringar i kulturlandskapet

Det kulturlandskapet me i dag har ikring oss, er forma av den aktiviteten som er skapt av dei som har budd her. I hovudsak er dette frå aktiv landbruksdrift. Aktiviteten og drifta i landbruket har endra seg med tida, og med det kulturlandskapet. Moderne tradisjonell landbruksdrift, har ikkje rom for å driva skjøtsel av det mosaikkprega landbrukslandskapet med høg opplevingsverdi og rikt biologisk mangfald. For å ta vare på også dette landskapet, trengs det interesserte gardbrukarar/grunneigarar /eldsjeler og økonomiske verkemiddel. Det er viktig at temaet vert sett opp på den politiske dagsorden, og får ålmenn interesse, noko som vil gje temaet auka forståing.

### 3.3 Hovudutfordringa for ureining i landbruket

Mindre aktivitet i landbruket har ført til minkande ureiningsproblem. Gardsbruka har fleire retningslinjer å forholde seg til, som er gode verkemiddel for å unngå ureining. Her kan nemnast:

- *Forskrift om miljøplan*
- *Forskrift om gjødselvarer m.v. av organisk opphav*

Det er ei utfordring å redusere og førebyggje ureining. Vasskvalitet vert sett på dagsorden gjennom arbeidet med EU sitt vassrammedirektiv og det kan legge grunnlaget for arbeide med ureiningstiltak.

Det kan vere aktuelt å stimulere til tiltak mot erosjon, som til dømes leplanting, særleg i Lærdal.

## 4 Mål og prioriteringar

**Hovudmålsetjinga med SMIL midlane er å stimulere til utnytting og ivaretaking av natur- og kulturminneverdiane i jordbrukslandskapet og i skogen, samt redusera ureininga frå landbruket.**

### Prioriteringar på fylkesnivå

Midlane vert tilført fylkesmannen over jordbruksavtalen. Fordelinga mellom kommunane baserer seg på omfanget av aktivt landbruk, omfanget av tilskot frå regionalt miljøprogram og ei skjønsmessig vurdering av kommunane sine tiltaksstrategiar og årsrapportar.

### 4.1 Prioriteringar for spesielle miljøtiltak i landbruket

#### Type prosjekt som kan få løyvd SMIL-mildar:

- Tiltak som minskar ureining, og fremmar miljøverdier i jordbruket sitt kulturlandskap
- Vegetasjonskontroll i jordbrukslandskap prega av attgroing
- Tiltak for ivaretaking av truga og sårbare artar, høgt artsmangfald, og fjerning av forvilla førekomstar av framande artar
- Tiltak for å ta vare på område med høg natur- og kulturminneverdi i det gamle jordbrukslandskapet
- Utbetring og vedlikehald av ferdelsårer som t.d. stiar, bruer m.m. på eigedomar med aktivt landbruk
- Utvendig restaurering av freda eller verneverdige bygningar
- Utarbeiding av planar for gjennomføring av aktuelle tiltak som kan vera aktuelle for tildeling om SMIL-mildar
- Grøfting – frå og med 2013 vert det oppretta ei ordning med tilskot til istandsetting av grøfter. Grøftetilskotet skal forvaltast gjennom SMIL-ordninga. Føremålet er å bidra til god drenering av matjord og redusere faren for erosjon og utslepp til vatn og luft.

#### Det skal ved tildeling av SMIL-mildar leggast vekt på:

- Tiltak som er knytt til aktivt landbruk og der miljøplan trinn 2 har klare mål for å ivareta natur- og/eller kulturminneverdiar
- Tiltak på eigedomar som har aktivt landbruk skal prioriterast. Søkjar som har rett på produksjonstilskot med tiltak på eige bruk eller leigejord skal prioriterast framfor andre søkerar.

- Om bygningar eller prosjekt inngår i rapportar, verneområde, planar eller målsetjingar som er utarbeidd med formål for å ivareta natur- eller kulturverdiar
- Om tiltaket kan brukast eller har verdi i samband med næringsverksemd i lokalmiljøet
- Tiltak som er til nytte for ålmenta - lokalisering av tiltaket
- Ved restaureringsprosjekt skal det leggjast vekt på om restaureringa går ut over det ein kan rekne som naturleg vedlikehald av bygningsmasse eller kulturminne. Bygningar som vert nytta til bustadføremål skal ikkje prioriterast.
- Områder og tiltak som har høg natur- og kulturminneverdi

## 4.2 Informasjon om søknadshandsaming

### Søknadsfrist: 25. februar

Tiltaket skal ikkje vere påbegynt før søknad.

Søknaden skal sendast kommunen på gjeldande søknadsskjema frå Statens landbruksforvaltning.

### Tilskotsnivå

Tilgjengelege midlar det einkilde år i høve til søknadsmasse vil vera avgjerande for støttenivå. Det vert lagt opp til å støtte godkjende søknadsobjekt. Om det er lite midlar i forhold til behovet, må støtta til kvar søknad reduserast eller utsetjast til seinare.

Tilskot til restaurering av bygningar vert avgrensa til maksimalt 35% av godkjent kostnadsoverslag for utvendige reparasjonar.

Dersom særskilde grunnar talar for det, kan dei lokale prioriteringane likevel fråvikast.

### Vilkår

Ved restaurering av gamle bygg og anlegg bør det alltid liggja antikvariske prinsipp til grunn for utføringa, med mindre prosjektet har andre særskilte behov. Dette skal avklarast før oppstart. Med antikvariske prinsipp meiner vi:

- Å ta vare på bygningen sin eigenart og heilskapsinntrykket til kulturmiljøet
- Å endra så lite som mogleg. Reparasjon skal føretrekkast framfor utskifting
- Å bruka tradisjonelle, stadeigne materialar, teknikkar og fargar.

Ved rydding av attgrodd beite- og slåttemark, skal det vere eit vilkår at søkjar held området vedlike til dømes ved beite, stubbebehandling eller slått.

### Utbetaling

Før kommunen kan tilvise utbetaling av tilskot må det liggje føre skriftleg oppmoding om utbetaling frå søkjar. Delar av tilskot til prosjekt kan utbetalast som forskot. Minst 25 % av tilskotet skal haldast att til arbeidet er fullført og det ligg føre sluttrekneskap.

## 5 NMSK

Midlane til skogbruksformål vert regulert gjennom eiga forskrift - *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket og Forskrift om tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer*– som og vart fastsett 4.2.2004. Kommunane står fritt i si organisering av arbeidet med forvaltninga av denne disposisjonsramma.

### 5.1 Hovudutfordringa i skogbruket

I Årdal, Lærdal og Aurland er det naturleg lauvskog, naturleg furuskog og granskog etter skogreisinga. Granskogen er for det meste framleis ikkje hogstmoden.

Hogst og vidareforedling av lauvskog - især bjørk, til fyringsved (bioenergi) representerer derimot eit relativt stort potensiale både med tanke på sysselsetjing og lønnsemd. Det bør i alle høve være eit mål at me som har så mykje god vedskog i våre kommunar skal sleppe å importere ved frå andre deler av landet og utlandet. Ei anna målsetjing bør vere å hogge skogen langs vegkantane for å unngå "dei grønne tunnelane". Uttak av ved / kultivering av skog i attgrodd beite bør også vera aktuelle tiltak.

### 5.2 Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

I høve dei nedanfor nemnde tilskotskategoriar vil nærings- og sysselsetjingseffekten også være viktige prioriteringskriteria.

#### Skogkultur

Skogkulturmidlane kan nyttast til rydding i etablert ungskog og kvalitetsfremjande tiltak. Kommunen har høve til å yte tilskot til planting av skog.

Ev. tilskot til skogkultur bør prioriterast etter økonomisk verdi og produksjonsevne.

#### Tilskot til vegbygging

Midlane kan nyttast til skogvegbygging i område med hogstklasse IV (eldre produksjonsskog) og hogstklasse V (hogstmoden skog). Ved prioritering skal det leggjast vekt på driftsøkonomien og gode heilskaplege løysingar ( gjerne fellestiltak).

Kommunen har ikkje høve til å nytte meir enn maksimalt 50% av skogmidlane til vegbygging i løpet av ein 4-års periode.

#### Tilskot til miljøtiltak i skog

Ordninga gjeld tilskot til å ta vare på areal der det er utført "Miljøregistreringar i Skog (MiS-areal)". I skrivande stund er denne arealkategorien ikkje aktuelt i Årdal, Lærdal og Aurland. Miljøverdiar som er registrert på anna måte må ev. godkjennast av Fylkesmannen.

#### Tilskot til andre tiltak i skog

Ordninga omfattar t.d. tilskot til prosjekt som har som mål å auke aktiviteten og ressursutnyttinga i og frå skogen.

## 6 Tiltak – tilskotsbehov (2012-2016)

Årdal, Lærdal og Aurland har mange verdfulle områder, med både lokal, nasjonal og internasjonal verdi, innanfor temaet natur- og kulturminne. Det er krevjande å ta vare på og vidareutvikla desse kvalitetane.

Så langt har SMIL-midlane vore viktige for å utvikla, restaurera og skjøtta mange verdfulle område og bygningar. Noko som er positivt både for lokalbefolkninga, tilreisande og grunneigarane og ikkje minst for verdiane som vert teke vare på.

Alle tre kommunane treng midlar til årleg skjøtsel av biologisk mangfald i slåttemarker som krev ein innsats utover det ein kan rekne som vanleg landbruksdrift. I tillegg er det trong for midlar til mellom anna restaurering av verna og verneverdige bygningar, rydding av attgrodd beite, vedlikehald av beiteland, rydding av landskap ved og ikring kulturminne og ved ferdselsåre. Disposisjonsramma kommunane har fått dei siste åra, har ikkje vore stor nok til å dekkja søknadsbehovet.

Årdal kommune har aktivt landbruk utanom dei store tettstadane Årdalstangen og Øvre Årdal. I delar av Årdal er attgroing ei viktig problemstilling på grunn av lite beitedyr og hausting i kommunen. Eigedomane i Utladalen landskapsvernområde har stort ressursbehov for å halda landskap og bygningar i hevd.

Lærdal kommune har registrert kjerneområde kulturlandskap og kulturmiljø. Denne registreringa syner at kommunen har mange verdfulle områder å ta vare på.

Jordbrukslandskapet i Aurland kommune har og mange verdfulle natur- og kulturminneverdiar. Verdiane er å finne i verdsarvområde (UNESCOområdet) og ikkje minst, utanfor verdsarvområde.

Tradisjonelt skogbruk med uttak av tømmer, er inne i ein periode med liten aktivitet og har dei kommande år ikkje store tilskotsbehov. Uttak av skog til biobrensel har eit potensial, og kan utløysa eit tilskotsbehov.

Det er tilskotsbehov innan ureining, finansiering av fellestiltak og grøfting.

Kommune	2013	2014	2015	2016
Årdal	500 000	500 000	500 000	500 000
Lærdal	700 000	700 000	700 000	700 000
Aurland	800 000	800 000	800 000	800 000
Grøfting ÅLA	100 000	100 000	100 000	100 000